



Sjå video frå Jøsenfjorden

Skann QR-koden med mobilen



Utsyn frå Seglet mot vest

Bygdene

Jøsneset og Jøsenfjorden er aktive bygdesamfunn på nordsida av fjorden. Jøsneset er solbygda med sider og røykelaks som profilprodukt frå lokalt utsal. I Jøsenfjorden ynskjer daglegvarebutikken deg velkomen til bygda der uttak av sand og grus har vore ein viktig næringsveg i 100 år. Ullaelva gir straum til det største vasskraftanlegget i Noreg; Ulla-Førre, men er framleis ei viktig lakseelv.

Fjordcruise går frå kommunesenteret Hjelmelandsvågen. Her finst dessutan eit rikt strandstadmiljø med historiske bygg og mange arrangement. Kulturhuset Spinneriet er ei oppleving i seg sjølv.



Laks i verdensklasse frå Mikals Laks. Foto: Elin Engelsvoll



Haugavika Industrikai



Eiane Gard, Ytre Eiane



Verdas største Jærstol, Hjelmelandsvågen
Foto: Siri Janne Kyrkjeeide



Jøsenfjorden



Design: omega35design.no



Haugavika mot Segadal og Førre



Sommarcruise på fjorden



Skåpet i Førre

SUMMARY IN ENGLISH

The Jøsenfjord area is an exciting experience in Hjelmeland, Ryfylke. The National Tourist Road follows runs along the north side of the fjord. Here, you find the small villages of Jøsneset (west) and Jøsenfjorden (east). Parts of the south side is a nature reserve. There are Atlantic salmon and Atlantic halibut, both wild and farmed. During summer time, you can join fjord cruises in small cruise vessels. All year round, you can cross the fjord by ferry between Hjelmeland and Nesvik. The area has a rich history.

Welcome!

Meir info: hjelmeland.kommune.no eller hjelmelandnaturlegvis.no



HJELMELAND
KOMMUNE

Utgitt med støtte frå Setesdal vesthei
- Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR)

www.svr.no




Forside: Skomakernibbå med utsikt mot Eiane.
Fotografert av Falke Omdal

Jøsenfjorden er ein mektig fjordarm som strekk seg frå Hjelmelandsvågen i vest til Førrebotn 27 km lengre aust.

Ytst finn du ferjesambandet på Rv13 mellom Hjelmeland og Nesvik, med hydrogenferja «Hydra» som flaggskip. På nordsida svingar Nasjonal turistveg seg mot Suldal og Røldal, på sørsida finn du spennande naturformasjonar, ville fjell og verneområde. Gå med eigen båt på fjorden eller dra på cruise i sommarsesongen.

Fastbuande i bygdene langs fjorden, og aktivt fiskeri og fjordbruk på sjøen, skapar liv i området. Her er kveite og laks både i vill og tam utgåve. Gjennom året kan du på og langs fjorden møte eit rikt fugle- og dyreliv som havørn, hjort, sau og spekkhoggar. Her er mykje historie knytt til ferdsel frå Setesdal til Ryfylke, kraftutbygging med Ulla-Førre, reinsdyrjakt i eldre tider, kvernhusdrift eller dramatiske krigshandlingar.


Ta turen sjølv!

-  Nasjonal turistveg/National tourist road
-  Ferjekai/Ferry dock
-  Turmål/hiking

1 **START BÅTTUREN** i gamle Hjelmelandsvågen. **Mula** er namnet på pynten der sjølve fjorden startar. Følg sørsida av fjorden. Snart er du ved **Hagalidnaustet** som folket på fjellgarden Hagalid måtte nytta før vegen kom i 1960.

Like ved finn du ei sitjenot, som er ein urgamal fangstmetode for makrell – framleis i aktiv bruk. Høgt over fjorden kjem du til dei ville Ullsvikfjella med den kjende profilen **Skomakarnibbå**.

5 Dei tre Ramsfjellgardane snaut 500 m over fjorden er eit interessant turmål i dag. Sama med Indre Eiane, der riksvegen / **Nasjonal turistveg** snor seg nordover til Erfjord og vestover til Nesvik – hadde gardane eigen skulekrins i si tid. I **Vindsvik** har lakseoppdrett avløyst det gamle ferjeleiet, og litt lengre vest ligg fruktgarden Ytre Eiane og lakseoppdrettet på Bastli. Vil du sjå meir av Jøsnesbygda, må du ta nordover når du kjem til Nesvik. Frå **Nesvik** går det hurtigbåt og ferje sørover til ytre delar av fylket.



2 Aust for Skomakanibbå finn du imponerande **Osmundshabn**. I Tøtlandsvik renn lakseelva **Vormo** ut i fjorden. Her vart sanden til dei store betongplattformene i Nordsjøen henta på 1980-talet. Her drog også haugianarkvinna Helga Vormeland ut for å forkynna. I dag er det oppdrett av laks på land, og av kveite ute på sjøen.

3 Aust for Tøtlandsvik ligg **Nordraheia naturreservat** og **Vormedalsheia landskapsvernområde** mellom fjorden og heia. Her er **Følekamstøa** der folk frå Funningsland kunne borda lokalbåten, og lengre inne den havarete **Vene steinen** som tippa over i eit ras i 2017.

Høgt mot himlaleitet kan du sjå fjellprofilen **Reinsrumpa**, før fjorden smalar ytterlegare inn og du hamna i **Førrebotn**. Førre var friplass for fredause under krigen, og staden der austmenn frå Setesdal tok seg vestover frå vandrainga over fjellet. Gardane, som ligg ein km frå sjøen, vart fråflytta på femtitalet. Inst i Førrejuvet ligg kraftmagasinet **Blåsjø** oppdemt av Førrevassdammen.

4 Så skal du ut fjorden att og følgjer nordsida. Dei store urene etter steinras heiter **Urdaneset** og **Skog**. Skogsgrunnen er kjent som god fiskeplass. Lengre ute kjem du til **Savika** der Sa-Per hadde sag i eldre tider. Like ved står eit gammalt kvernhus. Det høyrer til Haugegardane lengre ute, men står på grunnen til den fråflytta veglause garden **Segadal**. Frå Segadal til Hauge går det sti over Tarajuvet.

I **Haugevika** ligg naustområdet, som også er samlingsplass sommarstid. Lengre ute finn du utskipingshamn for sand og grus, før osen der Ullaelva renn ut. Ullaelva er kjent for storlaks. Ikkje langt frå daglegvarebutikken på den gamle Vadlakaien ligg utleiehytter og Østerhusvika sandstrand.



Kvernhuset i Segadal